



Møteprotokoll for Utval for næringutvikling og drift

Møtedato: 01.09.2021
Møtestad: Nordhordlandshallen - kantina
Møtetid: 12:00 - 14:45

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Stian Lavik	KRF	Utvalsleiar
Mabel Johansen	H	Nestleiar
Liv Hopland van der Kooij	SP	Medlem
Øyvind Bratshaug	H	Medlem
Yngve Walaker	UAVH	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Maya Greve	MDG	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Øystein Vikebø	AP	Tormod Skurtveit-AP
Anita Bakken	MDG	Maya Greve-MDG

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Anny Bastesen-kommunalsjef, Line Merete Valle-tenesteleiar Eigedomsforvaltning og prosjekt, Eirik Bouwer Utne-kultursjef, Kristin Nåmdal-tenesteleiar Plan og analyse, Tove Hagenes-hovudprosjektleiar Samfunnsutvikling, Arne Eikefet-rådgjevar Samfunnsutvikling, Arthur Kleiveland-møtesekretær

Anne-Lise Wilkensen-regional marknadskoordinator-NAV og Inger Lise Brekke-avdelingsleiar NAV orienterte om arbeidsmarknad-situasjonen i region.

Baste Tveito-dagleg leiar Nordhordland næringslag orienterte om kraftsituasjonen i regionen.

Sakliste

Saknr	Tittel
102/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
103/21	Godkjenning av møteprotokoll 22_06_2021
104/21	Rammer for kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemder, tildeling hausten 2021
105/21	Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033 (RTP) Høyringsinnspel
106/21	Meldingar til utval for næringsutvikling og drift 01.09.2021

102/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Utval for næringutvikling og drift 01.09.2021:

Behandling:

Utvalet godkjende innkalling og saksliste.

ND- 102/21 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

103/21: Godkjenning av møteprotokoll 22_06_2021

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for næringutvikling og drift 01.09.2021:

Behandling:

Utvalet godkjende møteprotokoll for 22. juni.

ND- 103/21 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

104/21: Rammer for kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemder, tildeling hausten 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune legg opp rammene for kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemder slik det er lagt fram i saka.

Utval for næringutvikling og drift 01.09.2021:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 104/21 Vedtak:

Alver kommune legg opp rammene for kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemder slik det er lagt fram i saka.

105/21: Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033 (RTP) Høyringsinnspel

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune har merknader og høyringsinnspel til Regional transportplan 2022 – 2033 slik det kjem fram av saksutgreiinga.

Utval for areal, plan og miljø 01.09.2021:

Behandling:

Orientering til saka v/Arne Eikefet-rådgjevar Samfunnsutvikling
Ingen merknader, samrøystes.

APM- 138/21 Vedtak:

Uttale i APM - 01.09.2021:

Ingen merknader.

Utval for næringsutvikling og drift 01.09.2021:

Behandling:

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg til uttale:

Utval for næringsutvikling og drift vil slutta seg til administrasjonen sin framlagte uttale til RTP, og vil i tillegg peika på at ein er kritisk til om RTP i aukande grad vil bli brukt som grunnlag for motsegn i kommunale plansaker.

Utvalet vedtok samrøystes Lavik sitt framlegg til vedtak.

ND- 105/21 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift kjem med følgjande uttale:

Utval for næringsutvikling og drift vil slutta seg til administrasjonen sin framlagte uttale til RTP, og vil i tillegg peika på at ein er kritisk til om RTP i aukande grad vil bli brukt som grunnlag for motsegn i kommunale plansaker.

106/21: Meldingar til utval for næringsutvikling og drift 01.09.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Utval for næringsutvikling og drift 01.09.2021:

Behandling:

Det vart gitt følgjande meldingar/orienteringar:

- Arbeidsmarknad-situasjonen i regionen – status/orientering v/ Anne-Lise Wilkensen- regional marknadskoordinator NAV og Inger Lise Brekke-avdelingsleiar NAV
- Løpande, mindre investeringsprosjekt - status v/ Line Merete Valle-tenesteleiar Eigedomsforvaltning og prosjekt
- Drifts- og tilsynsavtalar innan idretten – status i Alver kommune - orientering v/Eirik Bouwer Utne-kultursjef
- Kommunedelplan Meland/areal for havbruk - orientering v/Kristin Nåmdal-tenesteleiar Plan og Analyse
- Bemanning og kapasitet på byggesak - status v/Anny Bastesen-kommunalsjef
- RIGHT-prosjektet - orientering v/Tove Hagenes-hovudprosjektleiar Samfunnsutvikling
- Scenarioanalyse - oppfølging v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sett fram følgjande framlegg:

Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar.

Utvalet vil peika på viktigheita av å få på plass gode avtalar med idrettslaga rundt i kommunen, og bed om at det blir arbeidd vidare med dette i dialog med idretten.

Utval for næringsutvikling og drift er sterkt uroa for situasjonen med kraft til industrien. Utvalet vil peika på at kriteriene for Statnett sitt arbeid med tildeling av straum og bygging av infrastruktur må endrast, og at Alver kommune må vera ein pådrivar for dette.

Det er bra at ein ser for seg ei løysing framover når det gjeld handsaming av byggesaker. Det er svært viktig at dette arbeidet vert prioritert høgt vidare, særleg med tanke på mindre aktørar i næringa.

Utvalet vil understreka viktigheita av at scenarioanalysen for næringslivet blir følgd opp tett, og at ein også legg stor vekt på kompetanse i dette biletet.

Utvalet vedtok samrøystes Lavik sitt framlegg til vedtak.

ND- 106/21 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar.

Utvalet vil peika på viktigheita av å få på plass gode avtalar med idrettslaga rundt i kommunen, og bed om at det blir arbeidd vidare med dette i dialog med idretten.

Utval for næringsutvikling og drift er sterkt uroa for situasjonen med kraft til industrien. Utvalet vil peika på at kriteriene for Statnett sitt arbeid med tildeling av straum og bygging av infrastruktur må endrast, og at Alver kommune må vera ein pådrivar for dette.

Det er bra at ein ser for seg ei løysing framover når det gjeld handsaming av byggesaker. Det er svært viktig at dette arbeidet vert prioritert høgt vidare, særleg med tanke på mindre aktørar i næringa.

Utvalet vil understreka viktigheita av at scenarioanalysen for næringslivet blir følgd opp tett, og at ein også legg stor vekt på kompetanse i dette biletet.

